

Hjelp til varekjøp- og levering for korona-utsette

Alver og Austrheim kommune tilbyr handlehjelp til personar som må halde seg heime grunna koronaviruset.

Innbyggjarar kan ta kontakt via e-post, telefon eller skjema på www.alver.kommune.no, så vil frivilligsentralane i Austrheim og Alver, Nordhordland Røde Kors og lokale sanitetsforeiningar handle inn og frakte daglegvarer, apotekvarer og evt. andre naudsynte leveringar. Tilbodet gjeld personar som ikkje har naboar, familie eller andre som kan gjere ærenda for dei.

Ein også velkomen til å ta kontakt dersom ein treng nokon å snakke med og ønskjer ein lokal ringeven. Her vert ein sett i kontakt med frivillige ringevener frå Nordhordland Røde Kors Omsorg.

Om ein sender førespurnad på e-post, er det viktig at ein får med namn, adresse, telefonnummer og kva ein treng hjelp til.

Alver kommune

E-post: hjelpeinnsats@alver.kommune.no

Telefon, måndag–fredag kl. 11:00–15:00: **56 17 10 77**

Skjema på nettside: www.alver.kommune.no/innhald/korona/treng-du-hjelp

Austrheim kommune

E-post: post@austrheim.kommune.no

Telefon, måndag–fredag kl. 08:00–15:30: **56 16 20 00**